

# **RADØY KOMMUNE**

## **VEDTEKTER FOR EIGEDOMSSKATT**

### **sakkunnig takstnemnd**

**Godkjent i Radøy kommunestyre i møte 29.05.2008 sak 044/08**

#### **KAP. I - TAKSTNEMNDER**

##### **§ 1-1**

Til å verdsetja faste eigedomar i kommunen etter byskattelova §§ 4 og 5, jf eigedomsskattelova § 33, jf vel kommunestyret ei sakkunnig takstnemnd og ei Klagenemnd for eigedomsskatt. Nedanfor i desse vedtektene er desse omtala som *takstnemnd* og *klagenemnd*.

Takstnemnda skal ha tre medlemer (leiar, nestleiar og eitt medlem). I tillegg skal det veljast tre varamedlemer i nummerert rekkjefølgje.

Klagenemnda skal ha tre medlemer (leiar, nestleiar og eitt medlem). I tillegg skal det veljast tre varamedlemer i nummerert rekkjefølgje.

Kommunestyret vel leiar og nestleiar for nemndene. Valperioden følgjer valperioden for kommunestyret.

##### **§ 1-2**

##### **Kven som kan veljast, ugildskap.**

Dei som er pliktige til å ta i mot val til kommunestyret, kan også veljast og er pliktige til å ta i mot val som medlem av takstnemndene.

For ugildskap gjeld reglane i forvaltningslova § 6. Nemndene tek sjølv avgjerd om eit medlem er ugild.

##### **§ 1-3**

##### **Forfall**

Medlemene i takstnemnda og klagenemnda pliktar å stilla til alle møte, med mindre det ligg føre lovleg forfall.

##### **§ 1-4**

##### **Sakkunnige for takstnemndene.**

Nemndene kan be eigedomsskattekontoret tilkalla sakkunnig hjelp til å gje rettleiande fråsegner som gjeld det bygningstekniske, industrielle, maskintekniske eller andre område, når dette er vurdert som nødvendig. Dei sakkunnige deltek ikkje i sjølve takseringa og har ikkje røysterett.

## **KAP. II – FØREBUING AV TAKSERINGA**

### **§ 2-1**

Økonomikontoret fungerer som eigedomsskattekontor. Det ligg til eigedomsskattekontoret å sørgja for alt administrativt og kontormessig arbeid for takstnemndene.

### **§ 2-2**

Eigedomsskattekontoret utarbeider liste over eigedomar som takstnemnda skal inviterast til å vurdere. Lista skal også innehalda eigedomar som skal eller kan fritakast for eigedomsskatt, jf eigedomsskattelova §§ 5 og 7. Det skal lagast ei eiga liste for verk og bruk.

### **§ 2-3**

Eigedomsskattekontoret førebur takseringa ved å innhenta tilgjengeleg informasjon om den einskilde eigedomen. Eigedomsskattekontoret kan be eigaren om å levera ut opplysningar som har noko å seia for taksten.

### **§ 2-4**

Eigedomsskattekontoret engasjerer synfaringspersonell, i samråd med takstnemnda.

## **KAP. III - GJENNOMFØRING AV TAKSERINGA**

### **§ 3-1**

Det ligg til leiar i takstnemnda, i samarbeid med eigedomsskattekontoret, å planleggja og leia arbeidet og kalla inn til møte i nemnda. Leiar ved eigedomsskattekontoret skal kallast inn til alle møte i takstnemnda.

Eigedomsskattekontoret set opp plan for takseringa i samråd med takstnemnda og for synfaringa i samråd med dei som skal gjera synfaringane.

### **§ 3-2**

Før ein tek til med den alminnelege takseringa, skal nemnda drøfta alminnelege retningslinjer for taksering for å sikra størst mogleg likskap i vurderinga.

Takstnemnda skal gjera prøvetaksering for å fasesetja prisnivået for takseringa.

Takstnemnda kan vedta sjablonar til bruk ved takseringa. Sjablonane skal i tilfelle vera eit hjelpemiddel for å koma fram til omsetningsverdien for eigedomane, og skal ta høgd for at tilhøve med korleis eigedomane er, kva dei kan nyttast til, og kvar dei ligg kan verka inn på verdien.

Det skal førast protokoll over forhandlingane i takstnemnda.

### **§ 3-3**

Takstnemnda skal, i samarbeid med eigedomsskattekontoret, sjå til at synfaringspersonellet får informasjon og rettleiing om dei alminnelege retningslinjene. Prøvetaksering bør gjerast med både takstnemnd og synfaringspersonell for å sikra at praksis vert så lik som mogeleg.

### **§ 3-4**

Eigar av eigedomen bør varslast om at det skal haldast takst. Eigedomsskattekontoret set frist for varsel.

### **§ 3-5**

Synfaringspersonellet skal i alle tilfelle halda synfaring på eigedomane. I samband med synfaringa arbeider synfaringspersonellet ut framlegg til takst.

Framlegget til takst bør innehalda grunnlagsdata og prinsipp for verdsetjinga. Ved taksering av verk og bruk bør takstframlegget også ta med turvande opplysningar for at takstnemnda skal kunna ta stilling til om eigedomen kvalifiserer til verk og bruk, og kva maskiner og utstyr som skal takast med i taksten.

### **§ 3-6**

Takstnemnda fastset i møte takstane på bakgrunn av dei framlegga som er arbeidde ut av synfaringspersonellet.

Takstnemnda tek stilling til kva eigedomar som skal skattleggjast som verk eller bruk, og kva utstyr som inngår i taksten, jfr eigedomsskattelova § 4, tredje og fjerde punkt. Nemnda tek også stilling til kva eigedomar som skal vera unnatekne eigedomsskatt etter eigedomsskattlova § 5.

Grunn og bygning bør takserast særskilt dersom det er ulike skattytarar som eig dei.

Synfaringspersonellet tek ikkje del fastsetjingane som takstnemnda gjer.

### **§ 3-7**

Takstprotokollen må innehalda opplysningar om når takst er halden, kva for eigedom det gjeld, og takstsummen. Vidare bør protokollen kort visa kva som inngår i taksten og kva for verdsetjingsprinsipp som er nytta. Alternativt kan desse opplysningane gjevast ved å visa til synfaringspersonellet sitt takstframlegg. Takstprotokollen skal underskrivast ved avslutninga av kvart møte.

## **KAP. IV - OMTAKSERING OG SÆRSKILT TAKSERING**

### **§ 4-1**

I perioden mellom dei alminnelege takseringane kan omtaksering/særskilt taksering gjerast etter dei retningsliner og vilkår som går fram av byskattelova § 4, 3. og 4. ledd.

Fristen for å krevja omtaksering er 1. november i året før skatteåret.

Takstnemnda tek stilling til om vilkåra for omtaksering/særskilt taksering er oppfylt.

Verdsetjinga bør skje etter same prinsipp og same prisnivå som ved førre alminnelege taksering.

Skattytar skal orienterast om taksten ved melding om vedtak.

## **KAP. V - OVERTAKST**

### **§ 5-1**

Overtakst kan krevjast av vedkomande skattytar eller formannskapet.

### **§ 5-2**

Krav om overtakst må setjast fram innan tre veker frå skattelista er lagt ut det året alminneleg omtaksering finn stad eller frå melding om vedtak ved omtaksering/særskilt taksering etter byskattelova § 4, 3. og 4. ledd.

### **§ 5-3**

Dersom klagefristen er ute, kan skattytaren likevel få utsett fristen dersom han ikkje kan klandrast for at fristen ikkje er halden eller det har særleg mykje å seia å få handsama kravet.

### **§ 5-4**

Krav om overtakst skal sendast eigedomsskattekontoret. Så snart som mogleg etter at klagefristen er ute oversender eigedomsskattekontoret alle krav til takstnemnda.

### **§ 5-5**

Takstnemnda kan endra taksten i skattytaren sin favør dersom den finn at kravet kan imøtekomast. I motsett høve vert kravet sendt over til klagenemnda.

### **§ 5-6**

Klagenemnda held overtakst etter at synfaring er halden.

### **§ 5-7**

Klagenemnda kan prøva alle sider av saka og kan endra taksten både opp og ned.

### **§ 5-8**

Klagenemnda utarbeider ein overtakstprotokoll med ei kort grunngjeving for overtaksten. Protokollen skal visa kva for faktum og rettsbruk overtaksten byggjer på og kva for verdsetjingsprinsipp som er nytta. Overtakstprotokollen må ta stilling til klagegrunnane.

### **§ 5-9**

Krav om overtakst har ikkje oppsetjande verknad.

## **KAP. VI - YMSE**

### **§ 6-1**

Kommunestyret/formannskapet fastset godtgjersle til medlemene i takstnemndene. Eigedomsskattekontoret fastset godtgjersla til sakkunnige som nemnt i § 1-3. Eigedomsskattekontoret syter for utbetaling av godtgjerslene.

### **§ 6-2**

Eigedomsskatten skal så vidt mogleg vera utskriven og skattelista offentleggjort innan 1. mars i skatteåret.

### **§ 6-3**

Eigedomsskattekontoret fører eigedomsskattelite med slikt innhald som nemnt i eigedomsskattelova § 15. Lista skal liggja ute til offentleg gjennomsyn i minst tre veker etter at det er kunngjort at lista er lagt ut. Det skal kunngjerast i ei lokalavis og på kommunen sine heimesider når og kvar utlegging er gjort. Kunngjeringa skal innehalda opplysningar om fristen for å krevja overtakst og kven kravet skal sendast til.

Samstundes med at eigedomsskattelite vert lagt ut vert det sendt skattesetel til skattytar.

### **§ 6-4**

Eigedomsskatten forfell til betaling etter dei terminar som kommunestyret fastset.